



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

## Referat

### Styremøte 5-2019 – 12.09.2019

Sted: Telefonmøte (15:30 – 16:30)

#### Til stades:

Styre:

Per Dag Hole  
Bengt Fasteraune.  
Kristin Hille Valla,  
John Olsen,  
Raymond Sørensen,  
Egil Mikkelsen.

Sekretær: Trond Stensby.

#### Forfall:

Kristin Prestvold.

## Sak 19/19 - Etter befaringa med ICOMOS/TUCN

Utsende dokument var:

- Reindeerhunting\_world\_heritage\_Short\_report\_the\_ICOMOS\_IUCN\_inspection\_12\_15\_August\_2019.pdf (Trond Stensby)
- Kommentarer til rapport fra befaring.msg (Egil Mikkelsen)
- Kommentarer.Styret for Villreinfangsten som verdensarv.pdf (Egil Mikkelsen)
- takk for flott befaring.msg (Elin Dalen, RA)

Trond gjorde stutt greie for dialogen han hadde hatt med ICOMOS og Riksantikvaren etter befaringa, med vekt på:

- Ekspertane frå ICOMOS utfordra prosjektet på fem punkt, oppsummert i «short report».
- Kommunikasjon med ekspertane frå ICOMOS må gå gjennom Riksantikvaren.
- Riksantikvaren seier ein skal vente med ytterlegare innspel til det evtuelte etterspurd frå ICOMOS

#### **Egil:**

Ekspertane har lest seg opp på rapportane frå prosjektet etter befaringa. Ikkje noko vits i å fremme eit tilleggnotat etter at rapporten frå ICOMOS har kommet. Kartene frå den fyrste fagrapporten gjev svar, men kvaliteten er ikkje så god i den engelske versjonen. Bør bli oppdatert. Egil viste ellès til sitt tidlegare utsende skriv med merknadar.

#### **John:**

Dei engelske oversettingane er fullverdige rapportar, men organisatorisk stoff som er sjølv sagt for ICOMOS er teke ut. Bruke av randsoner overdrive i tideg fase av prosjektet. No er det fastsett tre sjølvstendige områder i verdensarvprosjektet.

#### **Kristin HV:**

Viktig å svare ut utfordringane, men via Riksantikvaren. Melde til Gabriel Cooney at notet er sendt RA. Erfarte at programmet moglegvis var for tett. Burde brukt meir tid i Lom, med fokus på forskning. Viktig med forankring, også utover nasjonalparkstyra.

#### **Raymond:**

Gabriel Cooney poengterte at all kommunikasjon må skje via Riksantikvaren. Burde fått fram den lokale forankringa betre under befaringa, sjølv om det var ein god start på Kongsvold med ordførarar m.fl., T.d. nasjonalparkforvaltarane vorte involvert meir..



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

### Per Dag:

Sit att med det hovudintrykket at befaringa var vellukka, og vart gjennomført etter planen.

Viktig å svare på utfordringane frå ICOMOS, og ikkje la Riksantikvaren styre informasjonen.

Kommunikasjon med ICOMOS må likevel skje gjennom Riksantikvaren.

### Trond:

Egil og John lagar eit tilleggsnotat, som svarar ut utfordringane frå ICOMOS. Trond kan skrive om grenser, forvaltning og formidling.

### Konklusjon:

Egil og John lagar eit tilleggsnotat, som svarar ut utfordringane frå ICOMOS. Trond kan skriv om grenser, forvaltning og formidling. Egil og John leverer sine innspel innan fredag 20.09.19. Trond samordnar notatet.

## Sak 20/19 – økonomi status

Trond refererte utsende oversiktar:

**På fond 01.01.19: Kr. 297.013,-**

### Rekneskap 2019, pr. 12.09.19:

Kontoart	Ansvar	Funksjon	Prosjekt	Regnskap
ALLE				110 959
10500	Annen lønn			50 982
10511	Km-godsgjørelse, skattepliktig			17
10990	Arbeidsgiveravgift			3 264
11200	Andre utgifter			85 191
11600	Reise,diett			1 013
11700	Ikke oppgavepliktige reiseutgifter			3 455
11950	Avgifter/gebyrer/lisenser			738
12700	Konsulenttenester			86 299
14290	Utgiftsføring mva drift			23 196
17000	Statstilskudd			-100 000
17290	Refusjon mva drift			-23 196
17500	Refusjon fra andre kommuner			-20 000

I tillegg tilsegn om 100' frå både Trøndelag og Oppland fylkeskommune. Krisitn HV har etter møtet minna Trond på at det også er søkt om skjønsmidlar frå Fylkesmannen i Trøndelag.



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

### Prognose utgifter befarung ICOMOS/IUCN:

Befaring ICOMOS/IUCN pr. 12.09.19	Beløp, kr
Overnatting/servering	100330
Transport	22800
Underholdning	5000
Dronefilm	29060
Oversetting	34300
Diverse	5000
Refusjon RA	-36785
<b>Sum netto utgifter*</b>	<b>159705</b>

\*I tillegg administrasjons- og møteutgifter.

#### Konklusjon:

Oversiktene vart teke til orientering.

### Sak 21/19 – Møtegodtgjersle

Som 2018:

Styreleiar: kr. 581,-/time (møtegodtgjersle) og kr. 439,-/time (førebuing)

Styremedlem, ein sats: kr. 439,-/time.

#### Konklusjon:

Styret slutta seg til satsane.

Trond lagar eit utkast til oppsett for godtgjersle pr. dato.

### Sak 22/19 – Godtgjersle styremedlemmar, befarung med ICOMOS/IUCN

Forslag frå Trond:

Styremedlemmar som deltok på befarunga får godtgjort for 8 timar/dag dei deltok, sats som for møtegodtgjersle.

#### Konklusjon:

Styret slutta seg til opplegget

Trond lagar utkast til oppsett for godtgjersle.

### Sak 23/19 – Sekretariat etter 01.12.19

Trond går over i stilling som nasjonalparkforvaltar for Rondane Dovre frå 01.12.19, og tok opp spørsmål om ordning for sekretariat etter den dato.

Bengt meinte at dette kan løysast greitt innanfor nytt tilsettingsforhold. Bengt vil ta det opp med nasjonalparkstyret, evt. arbeidsgjevar Fylkesmannen i Innlandet.

#### Konklusjon:

Styret tok det til orientering.



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

## Sak 24/19 – Eventuelt

Kristin HV:

Viste til følgjande avsnitt i helsinga frå Elin Dalen (Riksantikvaren):

*«De områdene som ble presentert for ekspertene utgjør helheter utfra de premissene som er lagt til grunn for forslagene. Riksantikvaren vil oppfordre til at dere har en oppmerksomhet på styring av utviklingen som ivaretar verdier og sammenhenger innenfor de aktuelle områdene. Dette for å unngå uheldige endringer i de områdene dere foreslår fram til konklusjoner foreligger.»*

Viktig å drøfte i eit snarleg styremøte korleis vi skal følge opp dette, og å utvikle alternative strategiar for det vidare arbeidet.

Per Dag:

Viste til at det tidlegare har vore arbeid for å få til eit personleg møte med Riksantikvaren. Eit slikt møte vil det vera mest fornuftig å vente med til rapport fra ICOMOS føreligg, men likevel ta det før RA kjem med sitt tilsvar.

Lesja, 12.09.2019

Trond Stensby

ref.